



Fisken som vart fanga ved Korsnes. (Foto: Terje Rød)

Den mystiske fisken som Terje Rød fekk på garn utanfor Korsnes 12. juni var ei mulle. Det slår forskar Otte Bjelland i Havforskningsinstituttet fast i eit brev til fiskaren, som fekk fisken på frå seks til åtte meters djup. Den var raudleg på farge, vog 650 gram og var 34 centimeter lang.

Forskaren skriv at det den siste veka har vorte rapportert fleire fangstar av denne arten, I forige veke hadde instituttet eindel trollgarn ute i Etnefjorden som ein del av eit prosjekt dei har gåande i Hrdangerfjord-systemet og fekk to individ av same arten.

Då dei kom i land etter fforsøka vart dei kontakta av bladet Sunnhordland som hadde fått inn ein ukjend fisk fanga ved Hystad på Stord, Dette var også ei mulle.

Mulle (*mullus surmuletus*) er ein art med hovudutbreiing lenger sør i Europa, men intituttet har hatt årvisse rapportar om arten også i norske farvatn. Det kan synast som at det aukar på med fangstar av mulle på Vestlandet og gjennom rapportar frå fiskarar kan ein kanskje på sikt få eit klarare bilete på desse sørlege artane si utbreiing og auke eller minke i førekomst i norske farvatn, skriv Bjelland til Rød.

An leksikale opplysningar tek vi med at den subtropiske fisken mulle kan vega opptil ein kilo og bli 10 år gamal. Den befinn seg på mellom fem og 400 meters djupne så langt sør som til Vest-Afrika og er også i Middelhavet og Svartehavet. Den blir marknadsført både fersk og frosen som matfisk, står det å lesa.

Av Ola Matti Mathisen